

167
S T E M N E S O N G.

Tone: Ytterst mot norden

Stille ein festlyd seg samlar i dag
både frå by og frå grender.

Romsleg ligg bygdi, med vårfriske drag,
grønkledd, med sol over strender.

Saman me foldar, i bøn for vårt lag,
våre hender:

„ Du som ditt folk sende kvitsunn hin gong, bort i Jerusalems salar,
Enno din vår med sin jublande song bårar so frisk gjennom dalar.
Still Du vårt hjarta sin djupaste trong når Du talar.

Tendra på ny denne mektige brand,
so han med kraft kunde fata.
Rekk alle veike di hjelpande hand.
Hjelp oss all urett å hata.
So me kvar uven i heile vårt land
må forlata.

Tak kvar ein fader og mor ved di hand. Hjarto med nåden Du dogga.
Bind i kvar heim dine heilage band. Såraste gråten Du stogga.
Signa Du, dei som til gagn for vårt land, styrer vogga.

Gjev oss då, Herre, di kvitsunn på ny.
Himlen si åndsogg la falle.
Kjarleg Du styre med sol og med sky.
Nådig på hjarto Du kalle.
Møt kvar ei sjæl i frå bygd og frå by.
Sign oss alle.“